

PROSJEKTPLAN FOR STIFTINGA SANKTA SUNNIVA, SELJA OG STAD

Søknad om tilskot til infrastrukturoppgåver i 2017

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad vil i 2017 halde fram arbeidet med infrastruktur- og tilretteleggingstiltak for etablering av fleire opplevingspakkar til pilegrims- og turistmarknaden. Stiftinga vart skipa 17. juni i 2015, og føremålet for stiftinga skal vere formidling, forvaltning og forskning knytt til Selja kloster- og helgenanlegg, Selja og Stad, sett i både ein lokal, nasjonal og internasjonal samanheng. Stiftinga skal drive næring og vere vertskap for turistar, pilegrimar og andre besøkande. Stiftinga skal bidra til å skape gode opplevingar, og utvikle varige verdier for lokalsamfunn og næringsliv i området. Gjennom samspel med kyrkje, fagmiljø, det offentlege, frivillige, lokalsamfunn og næringsliv, skal ein sikre høg kvalitet, god gjennomføringskraft og varig verdiskaping.

Desse er pr. dato med i styret:

Liv Stave, styreleiar, Gerd Kjellaug Berge, nestleiar, Nils Gjerland, Sveinung Rotevatn, Jorunn Sem Fure, Helene Maristuen, Dag Aksnes, Jon Frogner, Geir Kvisten. Varamedlemer: Torkjell Djupedal, Beate Vik Hauge og Synnøve Aabrekk.

Styret oppretta eit arbeidsutval som i 2016 består av dagleg leiar, nestleiar, Geir Kvisten og observatør i styret Bjørn Jensen.

Styret tilsette Per Freisberg som dagleg leiar frå mars 2016. Freisberg har nå sagt opp stillinga si og sluttar 1.september 2016. Inntil vidare vil arbeidsutvalet ta ansvar for dagleg drift av stiftinga. Stiftinga fekk i 2015 tilsagn om midlar frå Innovasjon Norge til eit forprosjekt som gjeld bedriftsnettverk. Forprosjektet er nå avslutta og sluttrapport er sendt inn. Stiftinga vil i tillegg til denne oppstillinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune også søkje Innovasjon Norge om tilskot til eit hovudprosjekt for å vidareutvikle eit bedriftsnettverk m.a. langs Kystpilegrimsleden. I dette arbeidet vil stiftinga m.a. arbeide saman med prosjektet kystpilegrimsleden (KPL) og NCE tourism, Bergen. Stiftinga arbeider med å få fleire bedrifter med i nettverket, m.a. frå Eid (Sagastad m.fl.), Vågsøy og Vanylven.

Følgjande arbeidsoppgåver er definerte som infrastrukturoppgåver, og inngår i søknaden til Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

| | |
|--|---------------|
| Prosjekt 1: Infrastrukturprosjekt | 2017 |
| Prosjektleiing infrastrukturtiltak | 50 000 |
| Tilrettelegging «Selje sentrum – trivsel og funksjonelt miljø med høg velkomstfaktor» | 70 000 |
| Tilrettelegge profileringspakkar uniform, identitet | 30 000 |
| Tilrettelegging aktivitetspakkar- kajakk, sykklar, båtar, havfiske, parken, sjøsportsenter | 35 000 |
| Tilrettelegge virtuell guiding Selja kloster-og helgenanlegg | 30 000 |
| Innleie kontakt/samarbeidsform med Sagastad ("Frå viking til pilegrim") | 20 000 |
| Tilrettelegge Selja som pilegrims mål | 30 000 |
| Tilrettelegging – logistikk ruteopplegg klosterbåt/Stadlandet, surfing m.m. | 45 000 |
| <u>Sum</u> | <u>280.00</u> |

Finansiering:

| | |
|--|----------------|
| Sogn og fjordane fylkeskommune | 135.000 |
| <u>Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad</u> | <u>145 000</u> |
| <u>Finansiering</u> | <u>280 000</u> |

Stiftinga vil ha ansvaret for gjennomføring av arbeidet.

Selje 25.08.2016

Liv Stave, dagleg leiar, tel. 957 68 617.

Sign.

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad, postboks 1, 6741 Selje. post@seljaogstad.no